

Nærings- og Fiskeridepartementet
Postboks 8118 Dep
NO-0032 Oslo
postmottak@fkf.dep.no

HØYRINGSSVAR – ENDRINGAR I STRUKTURKVOTETAKET OG KONSESJONSKAPASITETEN FOR PELAGISKE TRÅLARAR

Me viser til høyringsbrev av 11.2.14.

Pelagisk Forening er generelt skeptisk til at farty og arbeidsplassar forsvinn som følge av ikkje naudsynt strukturering.

Pelagisk Forening ser at lønsemda til pelagisk trål har vore varierende og at lønsemda er vesentleg dårlegare enn for enn ringnotflåten. Dette sjølv om pelagisk trål i stor grad fiskar på dei same fiskeartane. Ettersom de fleste farty er fullstrukturerte, kan reiarlaga vanskeleg auka driftsgrunnlaget og fangstinntektene.

Fordi det er semje i næringa om at auke er naudsynt og fordi lønsemda, for pelagiske trålarar, er låg er omsyna annleis enn for ringnotbåtar. Pelagisk Forening støttar difor forslaget, men vil peika på at foreslått auke er høg.

Det er nokre loddetrålkvotar som ikkje er knytt til pelagiske trålløyve, men som er rekna av trålgruppa sin gruppekvote. Slike loddetrålkvotar var tilleggskvotar til torsketrålarar (småtrål), nett som med nvg-sild. Faktum er at dei er belasta trålgruppa sin gruppekvoter, og er tildelt og berekna med basiskvotar på båtar over 90 fot. Dei basisberekna loddetråltilløyva kan difor ikkje slås saman fordi dei ikkje er knytt til pelagisk trålløyve. Desse loddetrålkonsesjonane bør kunne strukturast inn på pelagisk trål.

Ta gjerne kontakt med underteikna dersom de har spørsmål eller eitkvart er uklårt.

Bergen 26.3.14.


Med vennleg helsing
Pelagisk Forening

Ask Økland
Advokat